

---

**Fra:** Arve Reigstad <arve.reigstad@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 24. oktober 2019 14.58  
**Til:** Hanne Marie Evensen  
**Emne:** Vs: Dispensasjonssøknad gnr/bnr 23/443  
**Vedlegg:** IMG\_20191024\_120722.jpg

Prøver å sende igjen.

Helsing Arve

Arve Reigstad  
Mjåtveitvegen 34  
5918 Frekhaug

----- Opprinnelig melding -----

Emne: Dispensasjonssøknad gnr/bnr 23/443

Fra: Arve Reigstad

Til: [hanne.evensen@meland.kommune.no](mailto:hanne.evensen@meland.kommune.no)

Kopi: Anne Hilde Garnes Reigstad ,Arve Reigstad

Til Meland kommune ved Hanne Evensen.

Vi viser til samtaler om bruk av gangveg til innkjøring til ny bustad ved gnr 23, bnr 443.

Vi søker med dette om dispensasjon til å nytte eksisterande gangveg mellom Havnevegen og Mjåtveitvegen til inn- og utkjøring til og fra ny bustad ved Mjåtveitvegen 34.

Gangvegen er ei fortsetjing av noverande innkjøringsveg til eigedomane i området, og er tilrettelagd med breidde for motorkjøretøy. Gangvegen har vore nytta som reserveveg for biltrafikk i situasjoner der hovedvegen har vore stengt. Den er også brukt ved vedlikeholdsarbeid og brøyting.

Tidlegare, før regulering av området, var denne vegen innkjøringsveg fra Havnevegen til Mjåtveitvegen 34.

Det er ikke skilta gangveg her, og innkjøring forbudt skilt er heller ikke sett opp ved overgangen fra bilveg til gangveg. Dette er heller ikke naturleg, då gangvegen kun strekker seg over nokre få meter i enden av bilvegen, og er lite nytta til almen trafikk. Gangvegen går så ut i Havnevegen, etter passering av sperrebom.

Det ligg naturleg til rette for at innkjøring til ny og godkjent bustad må føregå på bilvegen, med overgang til - og bruk av - gangvegen for tilkomst ny bustad. Det ligg ikke til rette for annan mogeleg tilkomstveg.

Gangvegen er svært lite brukt. Dei fleste gåande bruker passasjen gjennom Meland Ungdomsskule eller fortau rundt hovedvegen ved Mjåtveitvegen 34. Bruk av gangvegen til kjøring til ny eigedom vil i svært liten grad koma i konflikt med gåande trafikk. Gangvegen har i alle år vore ein naturleg veg for tilkomst til Mjåtveitvegen 34, men har i liten grad vore nytta av andre.

Me vonar på godvilje frå kommune til å gi løyve til innkjøring til ny eigedom gjennom gangvegen.

Vedlegg: kart som syner korleis innkjøring og utkjøring er tenkt.

Med helsing

Anne Hilde Garnes Reigstad og Arve Reigstad